

Arne Aven
Sundsbøvegen 157,
5955 LINDÅS
aaven@online.no

Lindås Kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Oppdrettsanlegg ved Langøy lokalitet 26295 - Merknader i samband med utsetting av oppdrettsanlegget.

Eg er uroa over det eg ser i samband med at Eide Fjordbruk AS no er i gang med utplassering av det nye anlegget ved Langøy.

Arbeidet ser ut til å vere kome så langt at foringsflåten er utplassert, pluss at festepunkta for anker mot landsida ser ut til å vere ferdig bora i fjell og markert med bøyer.

Dersom det som no vises er den endeleg planlagde plasseringa av desse anlegga, så er det ikkje i samsvar med søknaden. Avvika er og så store at dei i vesentleg grad endrar situasjonen for oss som brukar dette området som vårt nære sjøområde til fiske, bading og friluftsliv.

Foringsflåten ser no ut til å ha kome så langt sør at den kjem godt inn i synsfeltet frå ei av dei mest brukte badevikene på Langøyna, - etter mi meining ei klar forverring i høve til søknaden. Jf bilde som er teke inne frå vika. Tatt frå denne staden burde ikkje flåten vore synleg slik eg tolkar søknaden.

Alle markeringar for ankerfeste for anlegg og foringsflåte , ligg langsetter ryggen som går mellom Grønningen og Skjelviktangen, - den mest attraktive strekninga for garn-, stang- og dorgefiske i området. Festepunkta ligg grunt, og ankertau ut frå festa og ned langs skråninga på utsida av ryggen øydelegg området for den bruken det har i dag. Jf skisse.

Om ankerfesta vert plassert djupare og lenger ute, slik dei er vist i søknaden, vert ulempene vesentleg mindre og til å leve med .

Ser også at det er kome markeringsbøyer nord for Storebukttangen og nord for Langøyna ved Austeskjeret. Eventuelle ankerfeste i desse områda går ikkje fram av søknaden.

Vonar at mine bekymringar er grunnlause, men i og med at det no føregår arbeid med å sette ut anlegget, hastar det å få kontrollert utsettinga slik at eventuelle avvik kan rettast opp før det vert sett ut fisk.

Eg ber om at det blir gjort og ønskjer tilbakemelding så snart som mogeleg og før sjølve anlegget vert montert.

Med venleg helsing
Arne Aven

Kopi:
Eide Fjordbruk AS
Hordaland Fylkeskommune